

Saksbehandlar: Eva Moberg, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 19/3911-11

Regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Selje som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. I finansieringa av det regionale pilegrimssenteret i Selje, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Stad kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.
3. Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020

Vedlegg:

1. Langtidsplan for pilegrimssatsinga 2019-2037
2. Høyringsvar langtidsplan frå Bjørgvin bispedømmeråd, datert 01.05.19
3. Innspel til sak om regionale pilegrimssenter i Sogn og Fjordane, Fellesnemnda for Nye Kinn kommune, sak 57/19.
4. Vedlegg til sak om regionale pilegrimssenter i Sogn og Fjordane, fellesnemnda for Nye Kinn kommune, sak 57/19
5. Høyringsuttale Regionalt pilegrimssenter for Kystpilegrimsleia, frå Selje kommune og Stad 2020 som representant for Fellesnemnd for Eid og Selje, datert 15.05.19
6. Konseptskisse for kunnskapsenter og pilegrimstun ved den heila øya Selja, oversending datert 20.08.19
7. Bergen kommune: Høyringsuttale til langtidsplan 2019-2037- Pilegrimsleden. Ønske om etablering av regionalt pilegrimssenter i Bergen.
8. Selje som pilegrimssenter langs Kystpilegrimsleia, sak 077/19 i Fellesnemnd for Eid og Selje.

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Langtidsplan for pilegrimssatsinga 2019-2037 har vore på høyring og handsama i HNK og FU (FU-sak 41/19). I langtidsplanen vert det føreslege at Kystpilegrimsleia vert del av den statlege pilegrimssatsinga og representert med 4 regionale senter. Saka her er ei oppfølging av dette, og gjev ei vurdering av Kinn og Selja som aktuelle kandidatar til å vertskapsrolla som regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane. Fellesnemnd for nye Kinn kommune og Fellesnemnd for nye

Stad kommune har gjeve innspel/uttale til kor vidt det er ønskeleg å etablere eit regionalt senter i kommunen og korleis dei ser føre seg å ivareta ei slik vertskapsrolle.

Etablering av eit regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane vil medføre ei budsjettauke på kr. 400 000 per år frå 2020. Ser ein dette i samanheng med oppretting av eit regionalt pilegrimssenter i Bergen, som vil krevje ei tilsvarande budsjettauke, vil dette totalt utløyse eit behov for ei samla avsetning av kr. 800.000 i Vestland fylkeskommune sitt årlege budsjett.

Etter ei samla vurdering vurderer fylkesdirektøren at Selje er best eigna som regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane. Selja har ein svært sentral plass i vår tidlege kristne historie og lokalt har det over fleire tiår vore eit sterkt engasjement for Selje som senter i kloster- og pilegrimssamheng. Selja har potensiale til å kunne bli eit fyrtårn for kystpilegrimssatsinga i Vestland fylke.

Fylkeskommunal finansiering må innarbeidast i budsjett og økonomiplan for 2020 og saka må difor sendast over til finansutvalet i Vestland fylkeskommune.

2. Bakgrunn for saka

Langtidsplan for pilegrimssatsinga 2019-2037 (vedlegg 1) har vore på høyring og handsama i HNK og FU (FU-sak 41/19). I langtidsplanen vert det føreslege at Kystpilegrimsleia vert del av den statlege pilegrimssatsinga og representert med 4 regionale senter.

Saka her er ei oppfølging av forslaget om etablering av regionale pilegrimssenter langs Kystpilegrimsleia og lokalisering av eit slikt senter i Sogn og Fjordane.

Det er gjort følgjande politiske vedtak i saka (FU-sak 41/19):

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Kystpilegrimsleia vert del av den statlege pilegrimssatsinga og representert med regionale senter.*
2. *Fylkeskommunen vil ta stilling til drift og finansiering av regionale senter langs Kystpilegrimsleia når forslag til lokalisering og modell for ivaretaking av den heilskaplege pilgrimsreise langs kysten ligg føre.*
3. *Fylkesutvalet meiner at det er kyrkjefaglege og kulturhistoriske vurderingar som må ligge til grunn for lokalisering av eit regionalt senter og har forventningar til at det vert lokalisert eit regionalt senter til Sogn og Fjordane.*
4. *Før det vert peika ut eit senter i Sogn og Fjordane må den pågåande prosessen fullførast. Det må vere gjennomført møte med vertskommunane for nøkkelstadane for å få kartlagt korleis dei vil kunne fylle rolla som vertskommune.*

Dei statlege bidraga til finansiering av regionale pilegrimssenter i dei nasjonale pilegrimsleiene inngår i høyringa av langtidsplanen for pilegrimssatsinga 2019-2037. Som ny godkjent lei i det nasjonale systemet vil viljen dei regionale aktørane syner i høve finansiering, vere av stor verdi. Høyringsprosessen er initiert av Kulturdepartementet og vil venteleg vere avslutta i oktober 2019. Det vert fremja liknande politiske saker i alle dei fem fylkeskommunane som er prosjekteigarar i Kystpilegrimsleia.

Regionale pilegrimssentra - funksjonar, innhald og finansiering

Kvart regionale pilegrimssenter skal ha ansvar for verksemda knytt til eit definert geografisk område langs Kystpilegrimsleia. Det geografiske ansvarsområdet til kvart regionale pilegrimssenter vil bli definert slik at dei til saman dekkjer heile leia frå Egersund til Trondheim.

Eit regionalt pilegrimssenter skal organiserast og virke slik at det fremjar samarbeid om pilegrimssatsinga mellom kommunar, kyrkjelyder, næringslivsaktørar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar. Det regionale pilegrimssenteret skal ikkje vere eit senter for den aktuelle nøkkelstaden, men eit koordinerande ledd og ein pådrivar for den samanhengande pilgrimsreise saman med dei andre regionale kystpilegrimssentera. Det regionale pilegrimssenteret vil ha eit særskilt ansvar for å ivareta vertskapsrolla for nøkkelstadene innafør eige geografiske ansvarsområde (om lag 5 nøkkelstader).

Det skal inngåast arbeidsavtaler mellom Nasjonalt pilegrimssenter og dei einskilde regionale sentera. Avtalane skal spegle oppdrag, oppgåver, ansvar og mynde dei regionale pilegrimssentera skal ha og kva oppgåver som ligg til Nasjonalt Pilegrimssenter.

Ved kvart regionale pilegrimssenter skal det vere tilsett ein person med ansvar for den daglege verksemda. Sentrale oppgåver vil vere kulturformidling, guiding og koordinering med kyrkja sine tilbod (opningstider, pilegrimsgudstenester, m.m.).

Pilegrimane har også behov for ein rekke tenester undervegs på reisa. Dette er funksjonar det etablerte reiselivet har apparat for (booking og reiseplanlegging). Det er difor naudsynt å ha tette koplingar til reiselivsaktørane og destinasjonsselskapa.

I langtidsplanen vert det lagt opp til at statleg finansiering utgjer 60 prosent og den lokale finansieringa utgjer 40 prosent fordelt regionalt/kommunalt. I langtidsplanen er det føreslege 1,2 mill. per senter i statleg finansiering. Regional/kommunal finansiering vil då utgjere 0,8 mill.

Lokalisering og innarbeiding i budsjett og økonomiplanar

Styringsgruppa for Kystpilegrimsleia legg til grunn tilrådinga i langtidplanen om fire regionale pilegrimssentra langs Kystpilegrimsleia og oppmodar fylkeskommunane (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag) om å gjere val av lokalisering på bakgrunn av følgjande kriterier:

- Avstand mellom sentra og geografisk dekningsområde
- Tal på nøkkelstader per regionalt senter bør vere så likt som mogeleg
- Kvalitetar som heilagmål vert teke omsyn til
- Lokalt og regionalt engasjement
- Tilgjenge/infrastruktur
- Etablerte institusjonar som kan ta oppgåva
- Kompetansetilgjenge/nettverk

Vidare ber styringsgruppa for Kystpilegrimsleia om at fylkeskommunane langs leia tek stilling til finansiering av drift av regionale pilegrimssenter og innarbeider dette i budsjett og økonomiplanar frå 2020, i samsvar med finansieringsmodellen som er lagt fram i langtidsplanen for den nasjonale pilegrimsatsinga.

I Rogaland er det gjort vedtak om Avaldsnes på Karmøy (Nordvegen Historiesenter) som lokalisering av eit regionalt senter. Tilsvarende er det i Hordaland gjort vedtak om Bergen som lokalisering. I Møre og Romsdal er Gurisenteret på Smøla valt som regionalt pilegrimssenter, på sikt vurdert organisert under Nordmøre museum. Møre og Romsdal har i tillegg rådd til at det vert arbeid for å etablerert eit regionalt støttepunkt for kystpilegrimsleia i Borgundgavlen, organisert under Musea på Sunnmøre. Trøndelag har så langt vurdert at det ikkje vil vere behov for oppretting av eit regionalt senter i Trøndelag, men har signalisert at dei kan tenkje seg å samarbeide med Møre og Romsdal om eit felles regionalt senter. Sistnemnde må sjåast i samanheng med at Trøndelag fylke er vertsskap for Nasjonalt pilegrimssenter med Pilegrimsgården og Nidaros Domkyrkje som pilegrimsmål.

3. Lokalisering av regionale senter i Vestland fylke, innkomne innspel

Kinn og Selje og som aktuelle kandidatar i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane er Kinn og Selja sentrale heilagmål og kandidatar til å kunne ta ei rolle i den regionale pilegrimsforvaltninga i Sogn og Fjordane. På begge disse stadene er det lokalt engasjement og både Kinn og Selja har erfaring med pilegrimsarrangement og pilegrimsvandringar. Mellom dei to stadene går også Sunnivaleia som det knyter seg stort kyrkjeleg engasjement til og der det kvart år vert arrangert pilegrimsreise/vandring mellom dei to øyane. Både Flora (Kinn kommune frå 2020) og Selje (Stad kommune frå 2020) har vist stort engasjement i forhold til prosjektarbeidet med Kystpilegrimsleia. Lanseringa av Kystpilegrimsleia vart markert på Selja i 2014 og opninga av leia vart markert på Kinn i 2018.

Invitasjon til å vurdere vertskapsrolle som regionalt pilegrimssenter

I regi av Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bjørgvin Bispedømme vart kommunane Flora, Selja og Bergen invitert til møte 10.04.19 der det vart gjeve ei orientering om status i prosjektet Kystpilegrimsleia, langtidsplanen 2019-2037 og Nasjonalt pilegrimssenter sin rolle som forvaltar av dei nasjonale pilegrimledene i Norge. På møtet deltok representantar både frå

politisk og administrativt nivå. Kommunane fekk høve til å presentere førebels tankar kring deira vidare engasjement for pilegrimsarbeidet.

I etterkant er dei tre kommunane Bergen, Flora og Selje utfordra på å ta stilling til om det er ønskeleg å etablere eit regionalt pilegrimssenter i kommunen og korleis dei ser føre seg å ta vare på vertskapsrolla som regionalt pilegrimssenter langs Kystpilegrimsleia.

Innspel frå fellesnemnd for Nye Kinn Kommune, jf. vedlegg 3 og 4

Fellesnemnd for Nye Kinn kommune har i sak 057/19, i møte 09.05.19, fatta følgjande vedtak:

1. *Kinn kommune går inn for at regionalt pilegrimssenter lokaliserast i Florø, og vil vere med å bidra til at dette vert eit regionalt senter som støtter dei krav som er lagt til grunn for lokaliseringa.*
2. *Fellesnemnda stiller seg bak uttalen om regionalt pilegrimssenter og lokalisering i Florø gjeve av samarbeidspartane Kinn kyrkje, Visit Fjordkysten, Fjordkysten friluftsråd og Kystmuseet i Sogn og Fjordane.*

I saksutgreiinga (Fellesnemnd for Nye Kinn kommune, sak 057/19) vert det vist til at eit senter i Florø vil kunne nytte eksisterande strukturar og samarbeidspartar, som har lang tradisjon for samarbeid langs kysten. Visit Fjordkysten har turistinformasjon i Florø på heilårsbasis og marknadsfører kystkommunane Solund, Hyllestad, Askvoll, Flora og Bremanger. Fjordane friluftsråd, med samarbeidskommunane Askvoll, Solund, Flora, Bremanger og Vågsøy, arbeider for å utvikle og legge til rette for friluftsliv i sin region. Kystmuseet har hovudbase i Florø og er eit viktig kompetansmiljø på kystkultur. Kystmuseet har fysiske anlegg i 6 av dei 8 kystkommunane og samarbeider også med Kvernsteinsparken gjennom Musea i Sogn og Fjordane. Kinn kyrkjekontor har fleire fast tilsette, er aktive i samband med Kinnaspelet og har vore sentral i opparbeiding og utvikling av Sunnivaleia.

Det vert vist til at Florø flyplass ligg sentralt på Floralandet, at det er etablerte rutetilbod ut til øyane i Florøbassenget med god tilgjengelegheit til Kinn og Svanøy. Det er også gode båtsamband sørover til Bergen og nordover til Måløy.

I vedlegg til saka vert det vist til den regionale strategien for tettstadsutvikling og senterstruktur 2018-2022, vedteken i fylkestinget i april 2018, der det står følgjande om Florø:

Florø er regionsenter på kysten. Regionsenteret er naturleg lokaliseringsstad for offentlege og private tenester som skal dekke kystregionen. Florø si rolle som regionsenter bør sjåast i samanheng med satsingane i regional strategisk plan for kysten.

Det vert peika på mulegheita for å lokalisere senteret saman med Visit Fjordkysten og turistinformasjonen i sentrum av Florø.

Innspel frå Stad 2020 (Fellesnemnd for Eid og Selje), jf. vedlegg 5, 6 og 8

Selje kommune og Stad 2020 har i fellesskap sendt innspel/uttale til lokalisering av regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane.

Det vert vist til at Selje kloster er Norges eldste pilegrimsmål og at heilagøya Selja gjennom heile mellomalderen har vore eit av dei viktigaste religiøse senter i landet. Selja bispesete vart etablert allereie i 1068 og er eit av landets tre opphavslege bispedømme (saman med Nidaros og Oslo). Selje kloster er også eitt av dei eldste og best bevarte klosteranlegga i Norge.

I innspelet vert det også vist til at engasjementet for klosteranlegget på Selje og etablering av eit pilegrimssenter i Selje går tilbake til 1996-1997. I 2011 gjorde Selje kommune intensjonsvedtak om etablering av eit kloster- og pilegrimssenter i Selje og stiftinga Santa Sunniva, Selja og Stad vart etablert i 2015. Satsinga på Selja kloster er også eit prioritert tiltak i Selje kommune sin kommunedelplan for kulturarven 2019-2029. I tillegg har den frivillige organisasjonen *Venner av Selja* vore aktive sidan 2005 og utgjer eit lokalt miljø med både stort engasjement og stor kompetanse.

I høve infrastruktur vert det vist til at hurtigbåten frå Bergen stoggar i Selje sentrum og at det går eigen klosterbåt frå Selje sentrum og ut til Selja med faste avgangar i perioden mai til september, samt at det vert gjeve tilbod om eigne turar for grupper og skuleklassar. Det er også eiga utstilling i Sunnivahuset i Selje sentrum, der kloster- og pilegrimshistoria vert presentert.

I høve lokalisering av eit regionalt pilegrimssenter i Selje vil kommunane Selje og Eid i fellesskap ta prosjektleiar- og koordineringsansvaret for etablering av dette. Turistinformasjonen på kommunehuset i Selje er aktuell som kontorstad.

Selje kommune har også sett nærare på mulegheita og interessa for å opprette eit moderne kunnskapssenter og eit pilegrimstun. Som del av dette er det utarbeidd ein konseptskisse for *Kjelda kunnskapssenter* og *Selja pilegrimstun*. Pilegrimstunet er tenkt lokalisert til Selje prestegard på fastlandet. Kunnskapssenteret er også tenkt lokalisert på fastlandet, med gangavstand til både Selje pilegrimstunet og til kaia der klosterbåten går. Fellesnemnd for Eid og Selje har i sak 077/19 gjort følgjande vedtak:

Fellesnemnda sluttar seg til intensjonen som ligg i konseptskissa for etablering av kunnskapssenter og pilegrimstun ved den heilage øya selja. I dette ligg det å prioritere vidare arbeidet med å etablere Selje som et regionalt pilegrimssenter, etablering av Selja pilegrimsstove/Selje pilegrimstun og etablering av eit moderne kunnskapssenter for kristninga, kloster og pilegrim i Selje.

Selje kommune vil handsame sak om etablering av eit forprosjekt for Selje pilegrimstun og kunnskapssenter i kommunestyremøte 09.10.19.

Lokalisering av pilegrimssenter i Hordaland, jf. vedlegg 7

Bergen kommune har gjeve tilbakemelding om at dei ønskjer å fremje Bergen som vert/lokasjon for eit regionalt pilegrimssenter og har fatta vedtak om å vurdere avsetting av 0,4 mill. i forslag til Handlings- og økonomiplan 2020-2023/Budsjett 2020. Aktuell lokalisering av eit slikt senter kan vere Bymuseet eller det framtidige verdsarvsenteret på Bryggen.

Hordaland fylkeskommune har handsama saka i utval for kultur, idrett og regional utviklinga og sendt saka over til fellesnemnda med følgjande forslag til vedtak:

1. *Fellesnemnda ser positivt på etableringa av eit Regionalt Pilegrimssenter i Bergen som ledd i ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.*
2. *Ev. finansiering av drifta av det regionale pilegrimssenteret vert handsama som del av arbeidet med budsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune frå 2020.*
3. *Fellesnemnda legg til grunn at drifta av tiltaket bør finansierast etter ein modell der staten dekkjer 60%, Bergen kommune 20% og Vestland 20% av driftskostnaden frå 2020. I samsvar med langtidsplanen vil den regionale andelen frå 2020 for Regionalt Pilegrimssenter i Bergen, vere inntil kr 400.000/år.*

Uttale frå Bjørgvin bispedømme, jf. vedlegg 2

I Bjørgvin bispedømmeråd sin uttale til landtidsplanen for pilegrimsatsinga vert det vist til ønske om at det vert lagt to regionale sentre i Bjørgvin bispedømme, eitt i Bergen som hovudprioritet og eitt nummer to i Florø eller i Selje.

4. Vurdering

Avstand mellom sentra, geografisk dekningsområde og fordeling i forhold til tal nøkkelstader.

Kystpilegrimsleia femnar om eit stort geografisk område med ei lang kyststripe. Tilretteleggings- og informasjonsbehovet må ivaretakast på ein tilfredstillande og god måte.

Fylkesdirektøren vurderer at det vil vere behov for eit regionalt senter i Sogn og Fjordane som kan ivareta formidling og koordinerande funksjonar knytt til nøkkelstadene i fylket. Både Selje og Kinn ligg gunstig plassert på aksene mellom Bergen og Smøla, som vert vertskapskommunar for dei regionale sentera i Hordaland og i Møre og Romsdal. Når det i tillegg vert etablert regionalt senter på Avaldsnes i Rogaland, vil dei fire regionale sentera til saman oppfylle kriterier for avstand/dekningsområde og ha høve til oppfylle vertskapsrolla for eit relativt likt tal nøkkelstader langs leia.

Kvalitet som heilagmål

Kinn og Selje representerer sentrale heilagmål og er peika ut som viktige nøkkelstader i Sogn og Fjordane. Selje kloster er eit av dei eldste og best bevarte klosteranlegga i Norge og Kinn har ei mellomalderkyrkje oppført på 1100-talet. Selja har, etter fylkesdirektøren si vurdering, likevel ein særleg status som heilagmål, då Selja representerer Noregs eldste pilegrimsmål og er eit av dei tre eldste bispeseta i Noreg.

Lokalt og regionalt engasjement

Både Flora og Selje har vist engasjement for pilegrimsarbeidet og uttrykt politisk vilje til å prioritere oppretting av eit regionalt pilegrimssenter. Selje står, etter fylkesdirektøren sin vurdering, likevel i ei særstilling, då arbeidet for å etablere eit kloster og pilegrimssenter kan følgjast attende til midten av 1990-talet. Selje kommune har også prioritert arbeidet i kommunedelplan for kulturarv 2019-2029 og har eiga venneforeining som over lang tid har arbeidd for å fremje kloster og pilegrimshistoria både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Tilgjenge/infrastruktur

Både Kinn og Selje er øyer med båtsamband. Kinn er lettast tilgjengeleg nær Flora by, som også har flyplass. Flora er også regionsenter på kysten. Både Flora og Selje har hurtigbåtsamband vidare langs kysten til Bergen i sør og til Måløy i nord og har anløp for Kystekspressen.

Etablerte institusjonar som kan ta oppgåva

Fylkesdirektøren vurderer det som positivt at både Flora og Selje har vurdert aktuelle kontorplasseringar for ei stilling knytt til ivaretaking av rolla som eit regionalt pilegrimssenter. Tilknytning til eksisterande turistinformasjon vil kunne vere ei tenleg løysing for å ivareta dette.

Fylkesdirektøren finn det elles positivt at Selje kommune ser mogelegheita for på sikt å kunne knyte eit regionalt senter til tunet på Selje prestegard. Selje kommune har også ambisjonar om å få på plass eit kunnskapssenter. Slik fylkesdirektøren oppfattar konseptskissa, skal kunnskapssenteret først og fremst formidle Selja som kloster og helgenstad og i mindre grad ha ei rolle som formidlar av dei regionale nøkkelstadene langs Kystpilegrimsleia. Ei slik etablering vil likevel vere med å styrke Selja som reisemål og kunne bidra til meir trafikk langs Kystpilegrimsleia.

Kompetansemiljø/nettverk

Flora viser til eksisterande strukturar og samarbeidsparter med lang tradisjon for samarbeid langs kysten og trekkjer spesielt fram Visit Fjordkysten og Kystmuseet som viktige kompetansemiljø på reiselivsutvikling og kystkultur. Selje viser til eit stort nettverk av aktørar dei har samarbeidd med og vil fortsetje å samarbeide med innafor norsk mellomalderhistorie, i tillegg til Venar av Selja, kompetansemiljøet rundt Sagastad, m.fl.

5. Konklusjon

Både Flora/Kinn og Selje/Selja har gode kvalitetar og vil kunne inneha funksjonen som regionalt kystpilegrimssenter i Sogn og Fjordane. Flora har fortrinn som regionsenter på kysten og har viktige kompetansemiljø gjennom Visit Fjordkysten og Kystmuseet. Selje har fortrinn gjennom sine unike kvalitetar som heilagmål og gjennom eit sterkt og mangeårig engasjement for å løfte fram Selja som pilegrimsmål og som senter for pilegrimshistoria langs kysten.

Etter ei samla vurdering meiner fylkesdirektøren at Selje er best eigna. Selja har ein svært sentral plass i vår tidlege kristne historie og lokalt har det over fleire tiår vore eit sterkt engasjement for Selje som senter i kloster- og pilegrimssamanheng. Selja har potensiale til å kunne bli eit fyrtårn for kystpilegrimssatsinga i Vestland fylke.

Fylkesdirektøren rår til at det vert starta dialog med nye Stad kommune om vidare etablering, finansiering og drift av eit regionalt senter i Selje. Ein slik dialog føreset løyving til regionale sentra langs Kystpilegrimsleia over statsbudsjettet.

Etablering av eit regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane vil medføre ei budsjettauke på kr. 400 000 per år frå 2020. Ser ein dette i samanheng med oppretting av eit regionalt

pilegrimsenter i Bergen, som vil krevje ei tilsvarande budsjettauke, vil dette totalt utløyse eit behov for ei samla avsetting av kr. 800.000 i Vestland fylkeskommune sitt årlege budsjett.